



Ikkje hjelp til klypping, men kommunal drift på Heio? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen har endeleg svara på spørsmålet frå idrettslaget om hjelp til plenklypping på Heio, men svaret er negativt. Saksbehandlar Ivar Kåre Døssland skriv at dei ikkje kan ta på seg oppdraget med det mannskap dei har til rådvelde i år. Men kommunen antyder overgang til kommunal drift

Kommunen har bra med kapasitet når det gjeld slåttestyr, men dei manglar arbeidsfolk og dette er den avgjerande faktoren for avslaget.

Døssland har stor forståing for at det krev mykje av eit idrettslag å halda ein fullverdig grasbane. Dei offentlege tilskota til drifta har vorte monaleg redusert, og det er heller ikkje like lett som før å få organisert dugnadar.

Døssland kjem inn på framtida og skriv at hvis idrettslaget finn at stell og drift av bana er og vil bli ei for stor oppgåve for laget, vil kommunen tilrå å søke kommunen om at den tek over drifta.

Dei vil då fremja politisk sak om dette og om løyving av dei midlar som skal til. Dei lag som brukar kommunal grasbane betalar årleg 30.000 kroner i baneleige, litt avhengig av aktivitet.

Døssland minnar også om at støtte til drift av private anlegg også er eit tema under rulleeringen av kommunedelplanen som går føre seg no.

Av Ola Matti Mathisen